Høgskolen i Telemark

Avdeling for allmenne fag

INDIVIDUELL HEIMEEKSAMEN

I

831 Innføring i reiseliv (4 vt)

27.05.02 – 30.05.02

Tid:	Utlevering: 27.05, kl. 09.00 Innlevering: 30.05, kl. 14.00
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetal:	3 inkl. forside
Hjelpemiddel:	Alle
Merknader:	Oppgåva skal leverast i 2 eksemplar
Vedlegg:	Ingen

Eksamensresultata blir offentleggjort på følgjande internettaddresse:
http://www-bo.hit.no/af/_ klikk student

Bokmål

Viktig!
Bare to av tre oppgaver skal besvares. Alle skal besvare oppgave 1, men velge mellom oppgave 2 og 3. Merk forskjellen i vektlegginga av oppgavene!

Oppgave 1:

a) Turismen i Europa er resultatet av en langvarig prosess med røtter langt tilbake i historien. Gjør greie for hva som har vært viktige faktorer i denne prosessen.
b) Hva kjennetegner europeiske turisme i dag, og hva er sannsynlige utviklingstrender framover?
c) Det kan hevdes at det er elementer av stabilitet, men også endringer i nordmenns ferievaner de siste 20-30 årene. Drøft dette med særlig vekt på de konsekvensene endringene har fått for norske feriereiser i Europa.

Vekt: 30 %

Oppgave 2:

Heimkommunen til en stor, avdød barnebokforfatter vil bygge et opplevelsessenter for å hedre forfatteren og for å skape næring med ringvirkninger. Lokaliseringsplassen/fødestedet ligger i en vanlig norsk kystkommune med ca. 5000 innbyggere, 50 km fra nærmeste by og 180 km fra Oslo. Senteret tar sikte på 100 000 besøkende pr. år.

a) Drøft hvilke trender og tegn i tida som skulle tilsi at dette blir et lønnsomt prosjekt, eller om det blir avhengig av store offentlige tilskudd. Hvordan kan det forsvares å gi slike tilskudd?
b) Avgjør selv hva som er ressursgrunnlaget, og vis hva en må ta hensyn til i attraksjonsbyggingen.
c) Hvilken "Sommarlandeffekt" vil kommunen kunne ta med i planen?
d) Hvilke positive og negative konsekvenser kan utbygginga ha for lokalsamfunnet og miljøet?
e) Drøft om det kan være anledning til å få til deler av senteret der gjesten kan oppleve en viss grad av autentisitet.

Vekt: 70 %

eller:

Oppgave 3:

"Til tross for en betydelig vekst i reisetrafikken og omsetningen, har en stor andel av norske reiselivsbedrifter en relativt svak økonomi." (St.meld. nr. 15 (1999-2000)

Beskriv norsk reiseliv med dette som bakgrunn og forklar hvordan dette „reiselivets paradoks" viser seg for de ulike sider av næringen, opplevelser, overnatting, servering og transport.

Bruk stortingsmeldingen som grunnlag for en beskrivelse av hvor viktig reiselivsnæringen er for distrikts-Norge, og for hvilke tiltak myndighetene mener bør settes i gang for å styrke næringens økonomi.

Vekt: 70 %

Nynorsk

Viktig!
Det skal berre svarast på to av tre oppgåver. Alle skal svare på oppgåve 1, men velje mellom oppgåve 2 og 3. Merk skilnaden i vektlegginga av oppgåvene!

Oppgåve 1:

a) Turismen i Europa er resultatet av ein langvarig prosess med røter langt attende i historia. Gjer greie for kva som har vore viktige faktorar i denne prosessen.
b) Kva kjenneteikner europeisk turisme i dag, og kva er sannsynlege utviklingstrendar frametter?
c) Det kan hevdast at det er element av stabilitet, men også endringar i nordmenns ferievanar dei siste 20-30 åra. Drøft dette med særleg vekt på dei konsekvensane endringane har fått for norske feriereiser i Europa.

Vekt: 30 %

Oppgåve 2:

Heimkommunen til ein stor, avliden barnebokforfattar vil byggje eit opplevingssenter for å heidre forfattaren og for å skape næring med ringverknader. Lokaliseringsplassen/fødestaden ligg i ein vanleg norsk kystkommune med omlag 5000 innbyggjarar, 50 km frå næraste by og 180 km frå Oslo. Senteret tek sikte på 100 000 besøkande pr. år.

a) Drøft kva for trendar og teikn i tida som skulle tilseie at dette blir eit lønsamt prosjekt, eller om det blir avhengig av store offentlege tilskot. Korleis kan det forsvarast å gje slike tilskot?
b) Avgjer sjølv kva som er ressursgrunnlaget, og vis kva ein må ta omsyn til i attraksjonsbygginga.
c) Kva for "Sommarlandeffekt" vil kommunen kunne ta med i planen?
d) Kva for positive og negative konsekvensar kan utbygginga ha for lokalsamfunnet og miljøet?
e) Drøft om det kan vere høve til å få til delar av senteret der gjesten kan oppleve ein viss grad av autentisitet.

Vekt: 70 %

eller:

Oppgåve 3:

"Til tross for en betydelig vekst i reisetrafikken og omsetningen, har en stor andel av norske reiselivsbedrifter en relativt svak økonomi." (St.meld. nr. 15 (1999-2000)

Gje ei framstilling av norsk reiseliv med dette som bakgrunn og forklar korleis dette „reiselivets paradoks" viser seg for dei ulike sidene av næringa, opplevingar, overnatting, servering og transport.

Bruk stortingsmeldinga som grunnlag for ei framstilling av kor viktig reiselivsnæringa er for distrikts-Noreg, og for kva tiltak myndigheitene meiner bør settast i gang for å styrke næringas økonomi.

Vekt: 70 %